

Vest Telemark Kraftlag (VTK) blei stifta 13. september 1940 og er i dag eit konsern der VTK Holding AS er morselskap; - eigd av kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Kvitseid, Seljord og Nissedal i Vest-Telemark. I konsernet er det to datterselskap, Telemark Nett AS og VTK AS. Telemark Nett AS har eit samla nett (lavspent og høyspent) på over 3000 km for å forsyne sine 15.500 nettkundar. VTK AS driv med kraftproduksjon, kraftomsetning og fiber. Kraftproduksjonen er primært knytt opp mot deleigde selskap, der Skafsa Kraftverk ANS og Sundsbarm Kraftverk DA er dei største. VTK AS har ein total produksjonstilgang på ca. 280 GWh. VTK har om lag 10500 kundar på kraftomsetning. Fibernettet blir leigd ut til deleigd datterselskap Telefiber AS som har over 7000 kundar. Konsernets aktivitetar er samla på Høydalsmo i Tokke kommune. Nettselskapet har ei avdeling i Treungen i Nissedal kommune. Konsernet hadde i 2023 ei omsetning på 535 mill.kr og om lag 60 tilsette

Som fylgje av naturleg avgang er det ledig stilling ved hovudkontoret i Høydalsmo som:

### Kundemedarbeidar Nett

Stillinga vil være ein del av kundesenteret til datterselskapet Telemark Nett AS.

Arbeidet omfattar mottak og oppfylging av kundehenvendingar og ajourhald av informasjon i kundesystemet.

Fakturering av nettleige og oppfylgjing av reskontro er ein stor del av arbeidet og du bør ha ei god forståing av grunnlaget rundt dette. Det er stor grad av kundekontakt via telefon og elektroniske media. Du må trivast i kontakt med kundar, og kunne uttrykke deg godt både munnleg og skriftleg. Du bør ha kunnskap og teknisk interesse om fagfeltet som ligg til nettselskapet.

Utdanning og erfaring frå kundeservice og fakturering er ynskjeleg, og du bør ha god kunnskap om bruk av digitale verktøy.

Funksjonen som leiar for kundesenteret blir ledig om ei tid, og det kan være aktuelt å gå inn i den funksjonen.

Me kan tilby:

- Ei spanande og fagleg interessant stilling med varierte utfordringar
- Fleksibel arbeidstid og moglegheit for heimekontor
- Konkurransedyktig løn og gode forsikrings-, pensjons- og velferdsordningar.

Oppstartstidspunkt er snarast råd

Spørsmål om stillinga kan du rette til avd.leiar Tor Arne Heggtveit (tlf. 913 94 158)

Søknad med CV og kopi av dei viktigaste vitnemål/attestar kan du sende på epost til [firma@vtk.no](mailto:firma@vtk.no). Merk: Søknad Kundemedarbeidar

Søknadsfrist 21.05.2024